



Statens vegvesen

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Odd Høydalsvik / 55516377

Vår referanse:
17/15961-6

Dykkar referanse:
15/2222 - 17/19863

Vår dato:
18.08.2017

Klage på vedtak om godkjenning av reguleringsplan – Fonnebostvegen – PlanID 1263-201516 – Lindås kommune

Vi viser til Dykkar brev av 06.07.17 med kunngjering av godkjent reguleringsplan for Fonnebostvegen, planID 1263-201516.

Statens vegvesen ga i vårt brev av 20.02.17 uttale til framlegg til reguleringsplan for gnr. 108, bnr. 161, Fonnebostvegen då planframlegget var ute til offentlig ettersyn. Ut frå tilsend dokumentasjon i samband med kunngjering av planvedtaket går det fram at vår uttale til planen ikkje er registrert eller kommentert av kommunen ved handsaming av innkomne merknader til planframlegget.

I vår uttale peika vi på at busslomma ikkje var regulert med ei utforming i samsvar med handbok N100 og sette krav om at reguleringsplanen måtte endrast slik at busslomma oppfylte krava i N100.

Vi kravde i tillegg at det måtte innarbeidast eit rekkjefølgjekrav om at krysset til fylkesveg 400 måtte opparbeidast i samsvar med reguleringsplanen før det kunne gjevast mellombels bruksløyve for dei nye bustadane. I tillegg kravde vi at det måtte utarbeidast detaljplaner for krysset som viste at tekniske krav til frisikt, kurvatur og stigning oppfylte normalkrava i handbok N100. Detaljplanane for krysset skal godkjennast av Statens vegvesen før reguleringsplanen kan endeleg godkjennast.

Det vart gjeve frist til 05.08.17 for klage på planvedtaket for reguleringsplanen for Fonnebostvegen. Det er seinare gjeve ny klagefrist til 30.08.17 på planvedtaket.

Statens vegvesen har vurdert plansaka slik ho no står og om vi skal klage på planvedtaket.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Statens vegvesen meiner det er uheldig at våre merknader til planframlegget ikkje har vorte handsama av kommunen ved vurdering av innkomne merknader. Vi meiner at det er viktig å ta omsyn til våre merknader for å sikre at reguleringsplanen viser løysingar som samsvarar med handbok N100 og som sikrar at utbetring av krysset vert gjennomført som del av utbygginga av dei nye bustadane.

Klage på vedtak.

Statens vegvesen klagar på vedtaket om godkjenning av reguleringsplanen slik han føreligg no.

Etter vårt syn vil våre merknader til planen kunne gjennomførast som ei mindre endring med avgrensa høyring av planendringa.

Vegavdeling Hordaland
Med helsing

Grethe Vikane
avdelingsdirektør

Sindre Lillebø
seksjonssjef

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Fylkesmannen i Hordaland Samordningsprosjektet Egil Hauge,
Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN